

Helge Øvretun  
Øvstedalsvegen 437  
6856 Fardal

Sogndal kommune  
Postboks 153  
6851 SOGNDAL

### **Klage – Statnett har ikkje utført byggearbeidet med tilkomstvegen til Sogndal transformatorstasjon i samsvar med gjeldande detaljreguleringsplan**

I klagen av 11.4.2018, frå undertekna til Sogndal kommune, viste eg til fleire konkrete punkt der Statnett ikkje har utført byggearbeidet med tilkomstvegen til Sogndal transformatorstasjon i samsvar med gjeldande detaljreguleringsplan vedteken i Sogndal kommunestyre 16.02.2012. Desse forholda gjaldt:

- Vassproblem, her vart det vist til brot på punkta «3.1.1 Veg sin funksjon» og «3.3 DRENERING».
- Ikkje erstatta gjerde, her vart det vist til brot på punkt «3.4 EIGEDOMSTILHØVE OG DRIFTSTILHØVE».
- Transportert vekk jord og tilstelling at av sideareal, her vart det vist til brot på punkt «3.3.1 Landskapstilpassing og revegetering av sideterreng».

Denne klagen har Sogndal kommune v/Cornelis Erstad svart følgjande på i epost av 4.10.2018

*«Når det gjeld klagen du sendte oss tidlegare er dette del av dei problemstillingane vi løfta i møtet vi hadde med Norconsult og Statnett. Som kjent ønskjer ikkje Statnett å gjere vidare utbetringar her, men heller kompensere deg gjennom avtale eller anleggsskadeskjønn i ytste konsekvens. Dette la vi også fram for forvaltningsutvalet når dei handsama framlegg til revidert detaljreguleringsplan for tilkomstveg for Sogndal transformatorstasjon. Det kan du lese i saksframlegg-dokumentet her. Forvaltningsutvalet slutta seg då til dette.»*

Blant anna følgjande går fram av saksframlegget, datert 31.08.2018 frå Sogndal kommune, som gjeld den nye reguleringsplanen for tilkomstvegen til Sogndal transformatorstasjon:

*«Vi har vore på synfaring i dei aktuelle områda saman med grunneigar og teke opp tilhøva med Statnett. Våre observasjonar under synfaringa tyder på at det langs delar av veganlegget er utfordringar knytt til vatn/erosjon og revegetering. I høve kost/nytte-prinsipp meiner Statnett at det ikkje er tenleg å gjere vidare utbetringar her, utover det som allereie er gjort. Statnett er innstilt på framleis dialog med grunneigar for å kompensere grunneigar for skader, eventuelt ei løysing gjennom anleggsskadeskjønn. Kommunen vurderer at denne tvisten mellom grunneigar og Statnett er privatrettsleg og ikkje vedkjem reguleringsplansaka.»*

Den gjeldande detaljreguleringsplanen er eit juridisk bindande dokument som skal følgjast og kommunen har ansvar for å sjå til at dette blir gjort. Når detaljreguleringsplan i dette tilfellet beviselig ikkje er følgt og utbyggjar ikkje ein gong nektar for det. Er det oppsiktsvekkande at kommunen aksepterer dette, slik som det ser ut som dei gjer i denne saka. Det er ikkje rett når kommunen hevdar at dette berre er ein tvist mellom grunneigar og Statnett. Dette er ei sak der ein

utbyggar ikkje har følgd gjeldande reguleringsplan og kommunen har då eit ansvar å sjå til at dette blir ordna opp i.

Når det gjeld vatnet som er på avvege etter utbygginga er underteikna på ingen måte interessert i nokon kompensasjon for dette framfor å få det ordna slik at vi kan bu trykt. Som opplyst i klagen min datert 11.04.2018 er det leda meir vatn ned som kjem i open grøft rett over husa i Øvretun. Området det er leda meir vatn til er merka som raudt i kart utarbeid av NGI med omsyn til rasfare. Den nye veggen samlar opp vatn som renn gjennom vegfyllingen og ned på naboen Johannes Øvretun. Vatnet renn så i open grøft rett ned mot husa til underteikna. Eit eventuelt ras på grunn av dette vatnet vil trulig treffe husa til underteikna. Det blir meiningslaust når Statnett då uttalar at dei skal kompensera for skadar, dette vatnet renn i utgangspunktet ikkje på underteikna sin eigendom, men eit ras vil kryssa grensa og gå over på underteikna sin eigedom og mest trulig treffe husa. Statnett kan ikkje kompensera faren dei har skapt med endra vassveggar, dette må utbetrast.

Det er opplyst i saksframlegget, datert 31.08.2018 frå Sogndal kommune at i staden for å utføre arbeidet i samsvar med gjeldande reguleringsplan vil Statnett heller kompensera grunneigar for skadar. Dette utifrå ein kost/nytte vurdering frå Statnett. Det kan då ikkje vere slik at kommunen kan akseptera at ein utbyggar kan late vere å følgje gjeldande reguleringsplan med å vise til kost/nytte-prinsipp? Eller er dette eit prinsipp som alle kan vise til for å unngå å følgje gjeldande reguleringsplan eller er det kanskje eit eige prinsipp som gjeld berre Statnett?

Når det blir vist til kost/nytte- prinsipp må det vere gjort ei vurdering på dette, denne vurderinga bør Statnett legge fram.

Når Statnett har opplyst til kommunen at dei i staden for å utføre arbeidet i samsvar med gjeldande reguleringsplan heller vil kompensera grunneigar for skadar kan eg ikkje sjå at dette heller stemmer. Både underteikna og advokat Frode Halvorsen har ei rekkje gonger prøvd å få Statnett til å komme med eit tilbod på korleis dei vil ordne opp i alt som står at etter anleggsaktiviteten utan at dei har komme med noko.

Det kan sjå ut som om Statnett her prøver å komme frå ansvaret sitt med å utføre arbeidet i samsvar med gjeldande reguleringsplan, ved å hevde veggen er ferdig og få endra reguleringsplanen og fjerna alle krava i den nye reguleringsplanen som dei ikkje har følgd.

Eg vil på nytt be Sogndal kommune pålegge Statnett utføre byggearbeidet i samsvar med gjeldande reguleringsplan.

Fardal den 1.11.2018

Helge Øvretun.